

Finansdepartementet  
Postboks 8008 Dep  
0030 OSLO

Vår ref	Dykkar ref	Arkiv	Dato
SRØ 14/997 - 5		024	25.02.2015

## Høyringsbrev – overføring av skatteoppkrevingen - melding om vedtak

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Jølster kommune meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis må vere ei kommunal oppgåve. Erfaringane vi har med skatteinnkrevjinga som ei kommunal oppgåve er positive. Det er også dokumentasjon på synergi mellom skatteinnkrevjing og anna kommunal innkrevjing. Kommunal skatteinnkrevjing betyr mykje for den samla økonomiforvaltninga i kommunane.
2. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg er god. Jølster kommune meiner det er mogeleg å gjere tenesta betre, innafor råma av framleis kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga.
3. Endring i skatteoppkrevjarfunksjonen må sjåast i saman med kommunereforma og oppgåvefordeling mellom kommune, fylkes/region og stat som følgje av reforma.

### Handsaming i Formannskapet 24.02.2015:

Oddmund Klakegg SP ber om gruppemøte:

Etter gruppemøte, nytt framlegg frå SP:

#### Nytt punkt 4:

Dersom skatteoppkrevjarfunksjonen likevel skulle bli overført frå kommunane til Skatteetaten, må skattekontoret i Førde minst få tilført oppgåver som foreslått i Skattedirektoratet si utgreiing av 24. november 2014.

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak i punkt 1-3

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke

Skaparkraft - i verdas vakraste ramme.

[jolster.kommune.no](http://jolster.kommune.no)



Det vart røysta over SP sitt framlegg til nytt punkt 4.

Dersom skatteoppkrevjarfunksjonen likevel skulle bli overført frå kommunane til Skatteetaten, må skattekontoret i Førde minst få tilført oppgåver som foreslått i Skattedirektoratet si utgreiing av 24. november 2014.

Sp sitt femlegg til nytt punkt 4 vart samråystes vedteke

**FSK-007/15 Vedtak:**

1. Jølster kommune meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis må vere ei kommunal oppgåve. Erfaringane vi har med skatteinnkrevjinga som ei communal oppgåve er positive. Det er også dokumentasjon på synergি mellom skatteinnkrevjing og anna communal innkrevjing. Kommunal skatteinnkrevjing betyr mykje for den samla økonomiforvaltninga i kommunane.
2. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg er god. Jølster kommune meiner det er mogeleg å gjere tenesta betre, innafor råma av framleis kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga.
3. Endring i skatteoppkrevjarfunksjonen må sjåast i saman med kommunereforma og oppgåvefordeling mellom kommune, fylkes/region og stat som følgje av reforma.
4. Dersom skatteoppkrevjarfunksjonen likevel skulle bli overført frå kommunane til Skatteetaten, må skattekontoret i Førde minst få tilført oppgåver som foreslått i Skattedirektoratet si utgreiing av 24. november 2014.

Med helsing

  
Svanhild Røkenes  
Førstekonsulent  
57726143

